

Allsong og TV-opptak i Tlaren

17.02.2012



Reidar og Kristian syng på Tlaren i fjar

**Tysdag blir ein merkedag for Gamleskulen og Uskedalen Utvikling. Under den vanlige opningstida blir det allsong leia av Kristian Bringedal og med bakgunn i tidlegare songstunder i Tlaren er det grunn til å venta ei riktig kosestund. Allsongen startar klokka 12 og har ein spesiell bakgunn.**

Delar av songstunda vil nemlig bli teke opp av NRK Hordaland og inngå i ein reportasje som eit TV-team skal lage denne dagen. Difor vil det vera på sin plass med godt kafebesøk!

Programmet vil handla om nettstaden uskedalen.no som no har heldt det gåande i snart 6 år. Det er grunn til å tru at fleire kjende uskedelingar vil delta i programmet.

Og også om kvelden vil det handla om UU, for då blir årsmøtet avvikla, sjølvsgåt også i Gameskulen som stiftinga eig. Årsmøtet startar klokka 19.30 og omfattar dei vanlege sakene.